

Årsmelding kyrkjeklubben 2017



Kyrkjeklubben har hatt 10 samlingar gjennom året, som regel møtedag den 1. måndag i månaden.

Samlingane elles har hatt eit tredelt innhald; først ei samling i kyrkjetorget, der me har aktiviteter som song og inkluderande leikar, utlodning mm. Deretter har me ete kvelds i lag, og så gått inn i kyrkjerommet der me har hatt ei lita Gudsteneste. Gudstenestedelen er det Geir Øy eller Åge Palmesen som har hatt ansvar for. Elles har me hatt ei bra gruppe av frivillige som har gjort ulike oppgåver som å lage kvelds, være i miljøet og hjelpe til praktisk.

Me opplever at mange set pris på tilbodet og særlig at det er eit tilbod som er inkluderande og har lett tilgang også for rullestolbrukarar og personer med multifunksjonshemmingar.

Klubben samler 15 -20 personar med utviklingshemming og like mange følgepersoner. Me har hatt 18 betalande medlemmer i 2017. Kontingenten har me satt til kr 50.- pr halvår

Alversund og Ostereidet sokneråd har delt kostnadene til samlingane mellom seg, og me har fått eit tilskudd på kr 6000.- frå kommunen. I tillegg fekk me ei gåve frå klubben Gnisten i Alversund på kr 7316.-

For å informere om klubben, deler me ut plakater i bufellesskapa, avlastningsbustaden og på Knarvik industri og miljø, og me informerer også folk i miljøet i Radøy og Meland.

Leiarar og medarbeidarar knytt til klubben: Geir Øy, Åge Palmesen, Sæbjørg Hageberg Kjeka, Espen Bø, Lars Inge Kjemphol, Anna Leivestad, Nina Norheim, Rikke Nordal, Bjørg Aasgard, Vibeke Gilje og Inger Øyna Jordal

Inger Øyna Jordal

Inger Øyna Jordal

Geir Øy
Åge Palmesen

Søknad om aktivitetsmidlar til kyrkjeklubben 2018

Den 9.4 får kyrkjeklubben besøk av Edel Formidling ved Dramapedagog Marit Nesse som vil formidle Påskebodskapen til gruppa vår. Ho vil og ha ansvar for ein bolk med underhaldning/aktivitetar på kyrkjetorget. Ho har og med ein songar på denne samlinga.

På ordinære samlingar er det leiarane og deltakarane i klubben som i lag står for aktiviteter og underholdning, men det er eit ønskje at me ei gong i året har besøk av nokon utanfrå. Eit slikt arrangement tenker me kan være ei anledning til å få med nokon nye på klubben.

Inger Øyna Jordal

Inger Ø. Jordal

Kontaktperson

*Geir Ø
Solmeprøst*

Kyrkjeklubben 2017

| | |
|----------------|--------------|
| LINDÅS KOMMUNE | |
| Klassering | |
| 15 MAR 2018 | |
| Ark. saksnr. | Løpenr. |
| Saksh. | Tilgangskode |

Inntekter

| | | |
|------------|--|--------------|
| | Kulturmidlar frå Lindås kommune | kr 6 000,00 |
| 13.11.2017 | Overført frå Aktivitetsklubben Gnisten | kr 7 316,00 |
| | SUM | kr 13 316,00 |

Utgifter

| | | |
|------------|--|-------------|
| 09.02.2017 | Krus m/ trykk | kr 1 334,00 |
| 02.10.2017 | Krus m/ trykk | kr 1 400,00 |
| | Mat m.m. til samlinga 5. des. 2016 - betalt i 2017 | kr 847,39 |
| | Mat til samlinga 9. januar 2017 | kr 769,75 |
| | Mat til samlinga 6. februar 2017 | kr 637,54 |
| | Mat til samlinga 3. april 2017 | kr 610,43 |
| | Mat til samlinga 12. juni 2017 | kr 1 146,29 |
| | Mat til samlinga 4. september 2017 | kr 792,59 |
| | Mat til samlinga 2. oktober 2017 | kr 582,24 |
| | Mat til samlinga 2. november 2017 | kr 740,98 |
| | SUM | kr 8 861,21 |


| | | |
|--|----------|-------------|
| | OVERSKOT | kr 4 454,79 |
|--|----------|-------------|

Det manglar detaljert faktura frå REMA som viser utgifter til samlingane i mars og mai.

Desse tala er henta ut frå rekneskapet til Alversund sokneråd. Rekneskapet for soknerådet er ikkje revidert enno.

07.03.2018


Synnøve Bjørndal
sekretær


Inger E. Jordal
Kontakt person